

Orientering om planlagt kartlegging av naturtypar i 2022

Statsforvaltaren i Vestland orienterer med dette om at det vil bli gjennomført ei kartlegging av naturtypar¹ på din eigedom ein gong mellom mai og oktober 2022. Kartlegginga er ein del av kunnskapsløftet for natur som blei vedteke av Stortinget i 2015. Kartlegginga inngår òg i ei langsiktig, nasjonal satsing for å betre kunnskapsgrunnlaget om norsk natur. Kartlegginga på din eigedom vil bli utført av firmaet Miljøfaglig Utredning AS eller Natur og Samfunn AS på oppdrag frå Miljødirektoratet.

Kvifor kartlegg vi naturtypar?

Målet med kartlegginga er å få på plass god koordinatbestemt informasjon om naturen til bruk i mellom anna arealforvaltning. Ved at stadfesta informasjon om natur er tilgjengeleg tidleg i ein arealplanprosess vil dette kunne bidra til at det blir lettare å ta omsyn til naturen, i tillegg til å bidra til meir effektivitet og føreseielegheit i prosessane.

Kartlegginga kan òg vere nyttig for grunneigarar som ynskjer å søkje om tilskot til tiltak for trua natur og kulturlandskapet.

Kva skal kartleggast?

Kva slags naturtypar som skal kartleggast er fastsett i kartleggingsinstruksen for 2022 som er utgiven ut av Miljødirektoratet. Kartleggingsområda skal undersøkjast for 111 viktige naturtypar. Dei fleste av desse naturtypane er raudlista i Noreg, medan resten er viktige leveområde for trua og nær trua artar.

Du kan sjå kva område som skal kartleggjast, og lese meir om kartlegginga på denne nettsida:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/myndigheter/kartlegging-av-naturtyper-pa-land/>

Områda som skal kartleggjast kan innehalde både innmark og utmark.

Resultata frå kartlegginga vil bli tilgjengeleg for alle via Naturbase

(<https://kart.naturbase.no>) våren 2023.

¹ Naturtype: Einsarta type natur som omfattar alle levande organismar og dei miljøfaktorane som verkar der, eller spesielle typar naturførekomstar som dammar, åkerholmar eller liknande, samt spesielle typar geologiske førekomstar (henta frå naturmangfaldlova).

Korleis skal områda kartleggast?

Kartlegginga vil gå føre seg på land etter eit standardisert system – Natur i Norge (NiN). At eit område vil bli kartlagt inneber i praksis at eit kartleggingsområde vil bli undersøkt til fots for førekomst av dei 111 naturtypane. Ved funn av ein naturtype vil den som kartlegg notere ned observasjonar i samsvar med instruksen og ta foto av lokaliteten. I sjeldne tilfelle kan det vere aktuelt å ta med små mengder plantemateriale for å identifisere det på eit laboratorium.

Den som utfører kartlegginga vil for kvar førekomst av ein naturtype vurdere tilstanden og naturmangfaldet i denne. Vurderinga vil bli gjort etter eit fastsett system utarbeida av ei ekspertgruppe. Basert på vurderinga vil naturtypeførekomsten bli gitt ein kvalitetsklasse. Det finst fem slike klassar: svært låg kvalitet, låg kvalitet, moderat kvalitet, høg kvalitet og svært høg kvalitet.

Kven kan eg kontakte?

All ferdsel i samband med kartlegginga vil skje i tråd med friluftslova sine reglar om ferdsel og god ferdselskultur. Der det skal kartleggast område som inneheld innmark kan det vere behov for at den som kartlegg òg går på innmarksareal. Om det er spesielle omsyn som må takast i samband med slik ferdsel, eller du ikkje gir ditt samtykke til ferdsel på innmark eller uttak av små mengder plantemateriale, kan du ta kontakt med Olav Overvoll hos Statsforvaltaren i Vestland på e-postadressa olav.overvoll@statsforvalteren.no eller på telefonnummer 55 57 23 15 før kartlegginga startar opp.